



Gratulerer til HFK med suverren innsats og mykje god fotball i Norway Cup 2016!  
Me er stolt over å vera med som sponsor og støttespelar.



# Kommentarar 2. kvartal 2016

## Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Egedomsmevling
- Rekneskapsføring og økonomisk rådgjeving.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med egedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 7 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 54 mill. kroner. Dette er 1,3 mill. over resultatet per 2. kvartal i fjor.

## Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 90 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 58,0 mill. kroner som svarar til 1,33 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 12,1 mill. over tilsvarande periode i fjor, og ein del betre enn venta.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 76,7 mill. kroner mot 75,6 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 1,76 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,74 %. Det er hittil i år kostnadsført 2,4 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer 1/2 av årlig avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 66,5 mill. kroner mot 50,5 mill. i same periode i fjor. Den store auken skuldast fleire tilhøve. Visa Europe vart i kvartalet kjøpt opp av Visa Inc. Banken har som medlem av Visa Norge motteke ein andel av salssummen som er ført som utbytte i kvartalsrekneskapan. Summen utgjer nesten 4,8 mill. kroner. Banken vil i 2019 motta resterande del av salssummen i storleik 0,5 mill. kroner. Utbytte frå SpareBank 1-selskap utgjer til saman 22,3 mill. kroner så langt i år og er betydeleg høgare enn fjoråret.

Sparebanken Hedmark gjennomførte oppkjøp av Bank 1 Oslo Akershus i juni 2016. Banken var eigar i Bank 1 Oslo Akershus gjennom selskapet SamSpar Bankinvest AS. Salssummen for SamSpar Bankinvest II sin eigardel i Bank 1 Oslo Akershus utgjorde totalt 432,9 mill. Oppgjeret var i form av 25% kontantar og 75% eigenkapitalbevis i Sparebanken Hedmark. Kontantoppgjeret er nytta til utbetaling av utbytte og til tilbakebetaling av lån til eigarbankane. SpareBank 1 Hallingdal Valdres eig 7,7 % av aksjane i SamSpar Bankinvest II AS. Etter salet er SamSpar Bankinvest II AS sin primære eigardel eigenkapitalbevis i Sparebanken Hedmark. SamSpar Bankinvest II AS er planlagt avvikla i løpet av 3. kvartal 2016, og eigenkapitalbevisa vil då bli utdelt til eigarbankane som ein del av likvidasjonsoppgjeret.

Driftskostnadane per 2. kvartal aukar frå 60,3 mill. i fjor til 67,2 mill. kroner i år. Banken har i kvartalet gjennomført ein reduksjon i stillingar gjennom tilbod om sluttpakker. Kostnaden ved desse blir bokført fram til oppstartstidspunktet. Så langt i år er kostnaden ca. 1,5 mill. Etter omlegging av banken si pensjonsordning frå årsskiftet, går pensjonskostnaden ned med ca. 0,8 mill. så langt i år. Mykje av den samla kostnadsveksten på 11,3 % relaterer seg til lønskostnader og leige av lokale.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 2,7 mill. kroner mot 5,9 mill. i same periode i fjor. Auke i avsetning til nedskrivingar på gruppenivå utgjer 2,8 mill. kroner og såleis heile tapskostnaden.

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 8,9 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen er om lag uendra siste 12 månader.

Balanseførte utlån samt overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt) har ein vekst frå 2. kvartal i fjor på 628 mill. kroner eller 7,3 %. Banken har overført bustadlån for nesten 2,1 mrd. kroner til selskapet. Dette utgjer 22,3 % av balanseførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 70,3 % til privatmarknaden og 29,7 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 74,0 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang frå 75,8 mill. frå same tid i fjor. Misleghaldet utgjer med det 1,03 % av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdfall på utlån utgjer 46,5 mill. kroner per 2. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 2. kvartal er på 6,4 mrd. kroner, og er ein auke på 330 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3,7 mrd. på privatmarknaden og 2,7 mill. innafør bedriftsmarknaden. Omrekna i prosent er auken siste 12 månader på 5,4 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt er på 89,4 % mot 85,6 % for eit år sidan. Banken har hatt ei periode med svært god innskotsvekst sjølv om rentenivået er lågt.

Banken har per 2. kvartal nesten 1,3 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på ca. 1,2 mrd. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlån har 413 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

## Egedomsmevling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmevleren AS og har 15 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal og er ein utfordrar i Valdres etter etableringa av kontor i dalføret i 2014.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 2. kvartal på 2,4 mill. noko som er 1,2 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene har god utvikling og aukar med 2,5 mill. i høve til 2. kvartal i 2015 som utgjer ein vekst på 18,3 %. Så langt i år har selskapet omsett 281 egedomar mot 244 i same periode i fjor. Dette er det høgste talet i selskapet si historie.

## Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 51,5 årsverk og er med det ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres med kontor i 4 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 2. kvartal på -1,5 mill. noko som er 0,7 mill. under tilsvarande periode i fjor. Kjerneverksemda – rekneskapsføring – viser ei positiv utvikling i produksjonseffektivitet og verksemda er om lag der den skal vere samanlikna med andre. Det står att ein gjennomgang av ikkje-lønsame oppdrag og rådgjevingsverksemda. Selskapet vil mest truleg levere eit minusresultat også i år.

## Andre verksemdar

Konsernet si egedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS og SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS.

SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS driv utleige til konsernet sine verksemdar på Gol og i Hemsedal.

SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggnes, samt «veksthuset» i Hemsedal. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol.

Selskapa leverer eit resultat før skatt per 2. kvartal på 0,3 mill. kroner. Dette er 0,7 mill. betre enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har kjøpt ein egedom på Geilo for vidareutvikling. Resultatet etter skatt per 2. kvartal er på -0,2 mill. kroner, noko som er 0,4 mill. svakare enn same periode i fjor. Resultatet i selskapet vil i stor grad bli styrt av tomtesalet.

## Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapan, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 13,2 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 54,0 mill.

## Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 2. kvartal ei kapitaldekning på 17,07 %. For morbanken er kapitaldekninga på 15,96 %. Kvartalsrekneskapan er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen.

## Framtidsutsikter

Kvartalet vart avslutta med at folkeavstemminga i Storbritannia førte til fleirtal for å melde landet ut av EU (Brexit). Dette skapte mykje uro i finansmarknaden, men i ettertid har det roa seg mykje. Brexit vil mest sannsynleg dempe veksten i Storbritannia noko over tid og har gitt eit svakare pund. Ein reknar ikkje med nokon stor påverknad på norsk økonomi.

Reiselivsnæringa er sentral i konsernet sitt marknadsområde og som venta kjem det meldingar om at sommarsesongen ser ut til å bli svært bra, både lokalt og nasjonalt. Dette gir gode ringverknader for heile regionen.

Bankverksemda har, som omtala i kvartalsrapporten for 1. kvartal, gjennomført ei nedbemanning ved bruk av sluttpakker. Dette tiltaket vil redusere talet på årsverk med ca. 10 %. Kostnadseffekten vil ikkje vise seg i rekneskapan før i 2017.

Pristigninga på bustader er meir normal i vår region enn det ein kan lese om er tilfellet i sentrale strøk, spesielt Oslo-området. Prisauken er først og fremst merkbar på fritidsbustader der sal no gjerne blir gjennomført over takst. Slik var det ikkje for eit par år sidan.

Konsernrekneskapan for 2016 er venta å bli litt betre enn fjoråret.

Hallingdal, 30.06.16/15.08.16

Kjell Vidar Bergo Kristin Ourom Sissel Bjørøen Vidar Isungset Odd Holde  
styreleiar nestleiar

Tore Østlund Gro Lundby Ellen Intelhus Knut Oscar Fleten  
adm. banksjef

# Resultatrekneskap 2. kvartal 2016 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 15	2. kv. 15	2. kv. 16	30.06.15	30.06.16		30.06.16	30.06.15	2. kv. 16	2. kv. 15	Året 15
298 701	77 327	65 000	154 839	131 177	Renteinntekter og liknande inntekter	129 852	153 215	64 367	76 599	295 648
141 490	37 438	26 744	79 213	54 480	Rentekostnader og liknande kostnader	54 439	79 204	26 730	37 440	141 437
<b>157 211</b>	<b>39 889</b>	<b>38 256</b>	<b>75 626</b>	<b>76 697</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>75 413</b>	<b>74 011</b>	<b>37 637</b>	<b>39 159</b>	<b>154 211</b>
-823	5 218	29 480	7 984	29 066	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	25 337	16 578	19 846	7 695	27 103
70 883	17 148	18 133	35 693	36 005	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	36 005	35 693	18 133	17 148	70 883
5 936	1 852	1 539	2 744	2 985	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	2 985	2 744	1 540	1 853	5 936
2 612	-574	1 955	7 921	3 159	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	3 159	7 921	1 954	-574	2 612
3 565	1 005	538	1 697	1 208	Andre driftsinntekter	38 365	37 312	17 928	17 304	72 637
<b>70 301</b>	<b>20 945</b>	<b>48 567</b>	<b>50 551</b>	<b>66 454</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>99 881</b>	<b>94 760</b>	<b>56 321</b>	<b>39 720</b>	<b>167 299</b>
<b>227 512</b>	<b>60 834</b>	<b>86 822</b>	<b>126 177</b>	<b>143 151</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>175 294</b>	<b>168 771</b>	<b>93 958</b>	<b>78 879</b>	<b>321 510</b>
56 643	12 669	15 319	31 009	33 785	Personalkostnader	60 616	57 052	27 336	24 449	109 813
36 224	7 835	9 189	15 859	18 509	Administrasjonskostnader	18 240	15 610	8 979	7 694	36 009
4 065	1 008	1 134	1 973	2 235	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	6 106	6 739	3 081	3 296	16 416
24 940	5 398	6 351	11 477	12 628	Andre driftskostnader	18 042	16 467	8 858	8 108	39 143
<b>121 872</b>	<b>26 910</b>	<b>31 993</b>	<b>60 318</b>	<b>67 156</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>103 004</b>	<b>95 868</b>	<b>48 254</b>	<b>43 547</b>	<b>201 381</b>
<b>105 640</b>	<b>33 924</b>	<b>54 830</b>	<b>65 859</b>	<b>75 995</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>72 290</b>	<b>72 903</b>	<b>45 704</b>	<b>35 332</b>	<b>120 129</b>
6 332	5 577	1 550	5 936	2 686	Tap på utlån, garantier mv	2 686	5 936	1 550	5 368	6 332
45	0	-26	3	-26	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-26	296	-26	4	123
<b>99 263</b>	<b>28 347</b>	<b>53 306</b>	<b>59 920</b>	<b>73 335</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>69 630</b>	<b>66 671</b>	<b>44 180</b>	<b>29 960</b>	<b>113 674</b>
26 393	7 100	9 800	14 000	15 350	Skatt på ordinært resultat	15 602	14 004	10 059	6 926	24 708
<b>72 870</b>	<b>21 247</b>	<b>43 506</b>	<b>45 920</b>	<b>57 985</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>54 028</b>	<b>52 667</b>	<b>34 121</b>	<b>23 034</b>	<b>88 966</b>
<b>72 870</b>	<b>21 247</b>	<b>43 506</b>	<b>45 920</b>	<b>57 985</b>	<b>Resultat</b>	<b>54 028</b>	<b>52 667</b>	<b>34 121</b>	<b>23 034</b>	<b>88 966</b>

## Nøkkeltal

MORBANK	2. kv. 16	2. kv. 15	Året 15	Norm 15 *
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,76	1,74	1,79	1,77
Driftskostnader i % av driftsinntekter	46,91	47,80	53,57	55,93
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,54	1,39	1,39	1,35
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	13,77	11,94	9,55	9,34
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	10,88	9,15	7,01	6,88
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	0,89	7,62	4,70	6,59
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	2 063 895	1 498 998	1 887 200	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	7,27	3,71	5,18	6,76
Innskotsvekst i % siste 12 md.	5,40	21,04	6,20	6,28
Innskot i % av brutto utlån	89,46	85,62	84,56	84,91
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	0,53	11,69	1,62	4,39
Likviditetsreserve i % (LCR)	169,00	71,00	81,00	
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	921 310	876 472	927 442	
Kapitaldekning i %	15,96	14,47	15,87	18,66
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	9,46	8,18	9,25	
Eigenkapitalprosent	12,46	11,74	12,31	10,20
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,65	0,70	0,63	0,61
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,04	0,08	0,09	0,13
<b>KONSERN</b>				
	<b>2. kv. 16</b>	<b>2. kv. 15</b>	<b>Året 15</b>	<b>Norm 15*</b>
Likviditetsreserve i % (LCR)	177,00	74,00	89,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 022 448	958 971	1 034 914	
Kapitaldekning i %	17,07	15,38	17,56	
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	10,39	8,80	10,23	

\* Bygger på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

## Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	30.06.16	30.06.15	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.06.16	30.06.15	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	16 222	13 714	2 508	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	2 378	1 177	1 201
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	3 389	3 704	-315	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	587	-39	626
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1	408	-407	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-228	136	-364
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	21 838	23 339	-1 501	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	-1 473	-835	-638
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	2 692	2 327	365	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-325	-425	100
Sum	44 142	43 492	650	Sum	939	14	925

# Balanse per 30. juni 2016

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
<b>31.12.15</b>	<b>30.06.15</b>	<b>30.06.16</b>	<b>EIGEDELAR</b>	<b>30.06.16</b>	<b>30.06.15</b>	<b>31.12.15</b>
74 737	133 819	67 926	Kontantar og fordringar på sentralbankar	67 926	133 819	74 737
363 553	470 702	611 490	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	611 512	470 733	362 463
7 087 917	7 138 101	7 201 490	Brutto utlån til og fordringar på kundar	7 099 661	7 039 857	6 979 894
-14 616	-18 170	-13 689	- Individuelle nedskrivningar	-13 689	-18 170	-14 616
-30 000	-32 000	-32 800	- Gruppevise nedskrivningar	-32 800	-32 000	-30 000
7 043 301	7 087 931	7 155 001	Netto utlån til og fordringar på kundar	7 053 172	6 989 687	6 935 278
19 082	20 499	16 082	Overtekne eigedelar	16 082	20 499	19 082
492 216	571 121	444 976	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	444 976	571 121	492 216
450 258	444 786	492 983	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	507 811	459 564	465 038
51 551	51 552	51 552	Eigarinteresser i tilknyttta selskap	132 787	134 515	144 409
38 459	41 457	38 122	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
7 051	12 391	7 051	Immatrielle eigedelar	11 717	24 388	13 774
15 184	15 951	15 729	Varige driftsmidlar	110 238	105 886	106 545
10 545	7 823	11 478	Andre eigedelar	34 000	23 335	33 043
21 232	29 152	21 574	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	47 111	54 989	43 393
<b>8 587 169</b>	<b>8 887 184</b>	<b>8 933 965</b>	<b>Sum eigedelar</b>	<b>9 037 332</b>	<b>8 988 536</b>	<b>8 689 978</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
100 000	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	100 000	100 000
5 993 581	6 111 752	6 442 099	Innskot frå og gjeld til kundar	6 432 897	6 101 334	5 978 157
1 328 745	1 489 825	1 186 538	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 186 538	1 489 825	1 328 745
67 276	37 760	34 343	Anna gjeld	42 525	47 226	73 674
18 563	55 906	34 517	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	43 615	61 744	23 608
21 627	48 545	23 156	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	24 995	51 369	23 457
<b>7 529 792</b>	<b>7 843 788</b>	<b>7 820 652</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>7 830 570</b>	<b>7 851 498</b>	<b>7 527 641</b>
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 458</b>	<b>Sum innskote eigenkapital</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>
132 867	77 762	132 867	Utjamningsfond	132 867	77 762	132 867
92 964	90 168	92 965	Grunnfondskapital	92 965	90 167	92 964
13 089	11 089	11 039	Gåvefond	11 039	11 089	13 089
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	95 823	97 551	104 960
-	-	-	Anna eigenkapital	1 583	-10 655	-
<b>238 920</b>	<b>179 019</b>	<b>236 870</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>334 277</b>	<b>265 914</b>	<b>343 880</b>
-	45 920	57 985	Resultat hittil	54 028	52 667	-
<b>1 057 377</b>	<b>1 043 396</b>	<b>1 113 313</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>1 206 762</b>	<b>1 137 038</b>	<b>1 162 337</b>
<b>8 587 169</b>	<b>8 887 184</b>	<b>8 933 965</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>9 037 332</b>	<b>8 988 536</b>	<b>8 689 978</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
668 063	676 573	645 335	Betinga forpliktingar	645 335	676 573	668 063

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>2. kv. 16</b>	<b>2. kv. 15</b>	<b>Året 15</b>
Brutto misleghaldne lån	74 007	75 852	76 899
- individuelle nedskrivning	12 580	16 940	13 842
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>61 427</b>	<b>58 912</b>	<b>63 057</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	1 564	556	1 309
- individuelle nedskrivning	864	606	377
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>700</b>	<b>-50</b>	<b>932</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>			
Endring gruppenedskrivning	2 800	2 000	-
Endring individuell nedskrivning	-695	-77	-4 543
Konstatert tap i perioden	939	4 441	8 734
Inngått på tidl.konst. tap	-359	-428	-889
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>2 685</b>	<b>5 936</b>	<b>3 302</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Kontor:  
Geilo, Ål, Gol, Nesbyen, Flå, Hemsedal,  
Fagernes, Heggenes og Beitostølen

**SpareBank**  
HALLINGDAL VALDRES

